



Arkivnr: 2017/732-15  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		13.06.2017
Fylkestinget		13.06.2017

## Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Synnøve Lie Johannesen

### Samandrag

Representanten Synnøve Lie Johannesen søker om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Ho er folkevald for partiet Rødt. Ho søker permisjon på grunn av sjukdom.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Synnøve Lie Johannesen får permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune grunna hennar helsesituasjon, i den tida det er naudsynt men maksimalt ut valperioden.

### Forslag til innstilling

1. Synnøve Lid Johannesen får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem i valnemnda, i den tida det er naudsynt men maksimalt ut valperioden.
2. For den tida Synnøve Lie Johannesen har permisjon gjer fylkestinget slike val:
  - a) Varamedlem til utval for opplæring og helse:
  - b) Varamedlem til valnemnda:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 24.05.2017

Representanten Synnøve Lie Johannesen har i E-post av 27.03.2017 søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland grunna sjukdom. Ho skriv at ho veit ikkje kor lenge ho treng permisjon.

Synnøve Lie Johannesen har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til Hordaland fylkesting.  
Varamedlem til utval for opplæring og helse.  
Varamedlem til valnemnda.

### Rettsleg grunnlag:

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdseggrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales: «Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å fritta vedkommende.»

### Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad fritta, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje *uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet*. Problemstillinga her er om Synnøve Lie Johannesen kan skjømte sine pliktar som varamedlem for fylkestinget, varamedlem i utval for opplæring og helse og varamedlem for valnemnda utan uforholdsmessige vanskelegheitlar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velfredsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører*».

Johannesen søker permisjon på grunn av sjukdom. Johannesen er 2. varamedlem til fylkestinget for partiet Rødt si liste. Ho er fyrste varamedlem på Rødt si liste til utval for opplæring og helse og 2. varamedlem til valnemnda for Rødt. Det at ho er varamedlem gjer det ikkje vanskelig eller til ein belastning å skjømte sine plikter i vervet. Det er fyrst når nokon av dei faste medlemmane meld forfall til politiske møte og ho vert kalla inn som varamedlem, at det kan bli vanskelig for ho å skjømte sine verv. Sjølv om det skal leggast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak, er det fylkesrådmannen si vurdering at vervet som varamedlem til fylkestinget, utval for opplæring og helse og valnemnda kan vera vanskeleg å kombinere på ein god måte i den tida ho har dårleg helse.

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad fritta, for eit kortare tidsrom eller lengre tidsrom. Det går fram av juridisk teori, Kommuneloven med kommentarer (Overå og bernt) og Gyldendal rettsdata, Norsk lovkommentar Note 155, at: «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velfredsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de*

*plikter vervet medfører.» Fylkesrådmannen finn at Johannesen grunna dårleg helse ikkje utan uforholdsmessig vanskelegheit kan skjømte sine pliktar i vervet, og rår difor til at permisjon vert innvilga.*

Dersom Johannesen får permisjon frå verva som varamedlem i fylkestinget og politiske utval i Hordaland fylkeskommune, bør det gjerast suppleringsval for den tida ho har permisjon. Kommunelova § 16 som gjeld *Opprykk og nyvalg*, regulerer dette forholdet.

Kommunelova § 16 lyder:

*«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*

*2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*

*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*

*4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*

*5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalet kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*

*6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestede vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

Vervet som medlem i fylkestinget vert å fylla etter kommunelova § 16 nr. 5.

Fylkesvalstyret føretekk nytt valoppgjør for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.